

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
066/15	Formannskapet	PS	06.05.2015
045/15	Kommunestyret	PS	20.05.2015

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Olav Mongstad	FA - F39	14/568

Busetjing av flyktningar i Austrheim 2015 og 2016

Vedlegg

Oppmoding om busetting av flyktningar 2014 -2016 - brev frå IMDI (L)(5714) (3)

Busetnad av flyktningar med bakgrunn i dagens flyktningskrise

Vedlegg til tabell

Busetting syrere

Flyktning budjett per i dag

Busetting av flyktningar 2015

Framlegg til vedtak:

1. Austrheim kommune tek i mot 13 flyktningar i 2015 og 10 til i 2016 i tillegg kjem eventuell familiegjenforening.
2. Rådmannen har mynde til å tilsetja i ei 20 % helsesysterstilling og ei 50 % saksbehandlarstilling hos NAV. Rådmannen har mynde til å avgjera tilsetjingstidspunkt for stillingane.
3. Rådmannen har mynde til å forlenge flyktningkonsulent-stillinga med to år fram til 31.07.18.
4. Rådmannen vert beden om å sjå til at det vert oppretta oppmot 8 språkspkrisplasser i dei kommunale avdelingane.
5. Dersom Noreg tek imot endå fleire flyktningar framover, vil kommunestyret ta ei ny vurdering.

Formannskapet - 066/15

FS - behandling:

Framlegg frå H v/ Ernst Stellberg:
Saka vert utsett.

Framlegget frå H v/ Ernst Stellberg fekk 2 røyster(Ernst Stellberg og Liv Ulvøy) mot 3 røyster for fall.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart tilrådd med 3 røyster mot 2 røyster.(Liv Ulvøy og Ernst Stellberg).

FS - vedtak:

1. Austrheim kommune tek i mot 13 flyktningar i 2015 og 10 til i 2016 i tillegg kjem eventuell familiegjenforening.
2. Rådmannen har mynde til å tilsetja i ei 20 % helsesystemstilling og ei 50 % saksbehandlarstilling hos NAV. Rådmannen har mynde til å avgjera tilsetjingstidspunkt for stillingane.
3. Rådmannen har mynde til å forlengje flyktningkonsulent-stillinga med to år fram til 31.07.18.
4. Rådmannen vert beden om å sjå til at det vert oppretta oppmot 8 språkspraksisplasser i dei kommunale avdelingane.
5. Dersom Noreg tek imot endå fleire flyktningar framover, vil kommunestyret ta ei ny vurdering.

Kommunestyret - 045/15

KS - behandling:

Framlegg frå Reidar Øksnes (Sp) til nytt pkt. 5:
Dersom Noreg tek i mot ekstra tal flyktningar i tida framover, vil Austrheim kommunestyre vera positiv til å utvida talet på flyktningar vi tar imot.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke med nytt pkt.5.

KS - vedtak:

- 1.Austrheim kommune tek i mot 13 flyktningar i 2015 og 10 til i 2016 i tillegg kjem eventuell familiegjenforening
- 2.Rådmannen har mynde til å tilsetja i ei 20 % helsesystemstilling og ei 50 % saksbehandlarstilling

hos NAV. Rådmannen har mynde til å

avgjera tilsetjingstidspunkt for stillingane.

3.Rådmannen har mynde til å forlenge flyktningkonsulent-stillinga med to år fram til 31.07.18.

4.Rådmannen vert beden om å sjå til at det vert oppretta oppmot 8 språkspraksisplasser i dei kommunale avdelingane.

5.Dersom Noreg tek i mot ekstra tal flyktningar i tida framover, vil Austrheim kommunestyre vera positiv til å utvida talet på flyktningar vi tar imot.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Denne saksframstillinga er i hovudsak skriven av flyktningekonsulent Ian Percy.

Austrheim kommune vedtok i sak 141/12 å busetja inntil 15 flyktningar. Den 03.06.2014 vedtok Austrheim kommune i sak 070/14

Austrheim kommune vil busetja dette talet flyktningar:

- Mottak av 11 personar i 2014
- Eventuelt mottak av 10 personar i 2015 og 10 personar i 2016 vert tatt opp som sak i slutten av 2014.

Rådmannen får i oppgåve å arbeida fram ein plan for leige eller kjøp/bygging av bustader til dette føremålet.

Rådmannen innstiller også på at Austrheim kommune sikrar i effektiv og omfattande

integreringsprogram for flyktningar ved å avsetje 7 språkspraksisplasser i kommunale avdelingar. Frå januar 2015,

- 2 i Nordliheimen
- 2 i teknisk-drift/reinhald
- 3 i skulane og barnehagane.

Flyktningekonsulent og dei omfatta avdelingar skal sjå nærmare på varigheit og oppgåvene flyktningane skal ha.

Austrheim har fått følgjande førespurnad:

- Mottak av minst 10 personar i 2015
- Mottak av minst 10 personar i 2016

Tala inkluderer ikkje familiejenforening.

Fredag 24.4.15 kom det brev frå statsråd Solveig Horne om at kommunane bør auka talet på mottak på grunn av det sterkt aukande talet på flyktningar. Det vert og vist til den sentrale politiske debatten om eventuelt auke i mottak av flyktningar. Tysdag 28.4.15 kom KS med oppmoding til kommunane om å auka talet på mottak av flyktningar.

IMDi skriv at ved utgangen av 2014 ventar om lag 4934 personer med lovleg opphaldsløyve på å få flytta til ein kommune. Ein gjensidig, forpliktande samarbeidsavtale mellom staten og

kommunesektoren sette som mål å busette 10 000 flyktningar både i 2014 og i 2015. I fjor tok 340 kommunar imot til saman 7 784 flyktningar. Behovet i år er difor auka til om lag 12 750 personer.

Tilgang på bustader er det som avgjer om vi får til busetjinga. Før sak 070/14 var det kjøpt ein bustad i Slettebakkane, gjort ein avtale med Austrheim Næringssselskap om leige av to bustader i Kystlandsbyen i 20 år. I tillegg vart ein bustad leigd direkte frå Austrheim Næringssselskap til en flyktning. Kommunen fekk 40% tilskot frå Husbanken til kjøp av flyktningbustad i Slettebakkane, og Austrheim Næringssselskap fekk 30% tilskot til kjøp av to bustader i Kystlandsbyen med klausul om at kommunenskal ha tildelingsrett i minst 20 år. Det som avgjer om vi har oppnådd tilskota er kostnaden på bustaden og om bygginga er basert på politisk vedtak gjennom ein bustadsosial handlingsplan. Austrheim kommune har ein slik plan. I tillegg må bustaden verta nytta til prioriterte grupper i minst 20 år for å oppnå tilskot.

For dei som blei busette etter sak 070/14 har me disponert to kommunale bustadar, og inngått ein avtale med en privat utleigar. I tillegg har ein flyktning flytta ut ifrå den bustaden som vart leigd direkte frå Austrheim Næringssselskap slik at denne bustaden vart omdisponert til ein ny flyktning.

3. Opplysningar om dei 27 flyktningar som har kome

Per i dag har me tatt imot 26 flyktningar: ein familie på sju, ein familie på åtte, ei einsleg mor med eit barn, ei anna einsleg mor med eit barn, ei einsleg mor med to barn (med moglegheit for at fem barn til skal kome), to gutar i 20-åra som bur i burettslag, to andre gutar i 20-åra som bur i burettslag, og ein gut til i 20-åra som bur åleine. Alle bur i Breivikhaugane eller Åråsfeltet, utanom dei to gutane som bur på Slettebakken. Alle kjem frå Somalia unntatt ein frå Etiopia, og har vore i Noreg i minst eitt år før dei flytta til kommunen. Dei første fire kom til kommunen i oktober i fjor, men dei to store familiane måtte vente til husa deira var ferdig bygd. Familien på åtte kom i januar og familien på sju kom i april. Dei andre som vart busett etter sak 070/14 kom i november og desember i fjor. Me har fått til at alle kunne byrja i introduksjonsprogrammet etter ein til to månader og alle borna har byrja i skule eller barnehage innan ein månad etter at dei kom. Vi er lovpålagt å setje i gang tiltak innan tre månader.

Alle barna går på skule eller barnehagen og deltek i SFO. Dei har og blitt meldt på i Austrheim Idrettslag (AIL), og har byrja å spele fotball. Det er ikkje organisert idrett for dei over 16 år i Austrheim, men det finnes moglegheiter i Radøy. I tillegg har eitt barn fått plass i Austrheim Symjeklubb frå hausten 2014, til tross for at transport har vore utfordrande.

Dei vaksne har også byrja å delta i lokalsamfunnet i ulik grad. Nokre har delteke i eit symjekurs for vaksne på Radøyhallen, nokre er med på symjing på Kaland skule kvar måndag og spelar uorganisert fotball med lokale gutar. Andre kan ein finna på Austrheimhallens styrkerom på dagar det er ope. For kvinnene er Årås Sanitetsforeining i gang med prosjekt «Sesam» som er ein møteplass for kvinner med ulik bakgrunn. Dei er retta mot å auka språkkunnskap og fellesskap for innvandrarkvinner og har hatt stor suksess i andre kommunar rundt om i Noreg. Flyktningekonsulentent gjennomførte ein mediakampanje førre haust. Målsetjinga var å skaffa meir frivillig engasjement hos flyktningane og å få til ei bærekraftig fadderfamilie/flyktningguideordning. Det var ikkje vellukka. Knapt ingen har meldt seg, men Frivilligsentralen har moglegheit til å assistera no og skal samarbeida med flyktningekonsulentent for å få etablert eit slikt tiltak.

Av 12 vaksne flyktningar, har vi to deltakarar i vårt introduksjonsprogram som går på vaksenopplæring fulltid og to som har permisjon. Fire andre har et delt program, med tre dagar på vaksenopplæring og to dagar på språkspraksisplass. Av dei fire har to språkspraksis hos Nordliheimen, ein på Kaland skule med vaktmeisteren der, og ein på Grønt arbeid. Dei fire siste har opplæring i Knarvik hos Lindås Læringscenter. Tre av dei går fulltid på grunnskule for vaksne, og den fjerde går tre dagar i veka på norsk kurs på eit høgare nivå enn vi kan tilby i Austrheim. Dei andre to

dagane kvar veke er han hospitant hos Austrheim vidaregåande skule.

For å få alt dette til har me oppbemanna i Årås skule med ein morsmåslærersassistent og ein assistent til og omdisponert ein rekke lærarar. I vaksenopplæringa har vi oppbemanna med to og ein halv lærarstilling, og me har og fått ein flyktningskonsulent stilling hos NAV. Flyktningskonsulenten har etablert gode kontaktar innan IMDi, KS og andre flyktnings tenester rundt i Hordaland for å sikre eit breidt fagmiljø. Austrheim kommune er også medlem i *Faglig Forum for Kommunalt Flyktningsarbeid (FFKF)*, og flyktningskonsulenten har vore vald til vara fylkesrepresentant for Hordaland og første vara til FFKF sitt Arbeidsutval.

Vurdering

Austrheim har sidan det vart aktuelt å ta imot flyktningar, bemanna opp med kompetanse innan NAV, skule og vaksenopplæring. I sum har vi auka bemanninga med fem stillingar, og det er ønskeleg å auka med 70 % til. Det vil vera logisk å ta imot flyktningar framover for å få full utbytte av denne kompetansen. Tidlegare har kommunen teke imot flyktningar i to puljar, det har ikkje tidlegare vore busett så mange flyktningar som det no vert søkt om frå IMDi.

Rådmannen ser det som ein god strategi å busetja eit tal flyktningar kvart år framover. På den måten vert det lettare å byggja opp og halda på kompetanse i fleire avdelingar. Truleg vil familiar vera ei god målgruppe for busetjing. Kommunen har gode tenester for born og unge, det kan og verta lettare for foreldre å oppnå personleg kontakt gjennom foreldremøte og aktivitet for born og unge i kommunen. Dette vil rådmannen og flyktningskonsulent formidla til IMDi.

Å busetja flyktningar er ei nasjonal oppgåve som kommunane må gå inn i. Det sit for mange flyktningar i mottak på grunn av at kommunane ikkje tar i mot nok i forhold til behovet. Austrheim kommune har gått inn i denne oppgåva og har bemanna opp med kompetanse for oppgåva. Det vil såleis vera rett å gå inn i eit større «program» for busetjing for å utnytta denne kompetansen. Det er også meir økonomisk berekraftig å gå inn i ei kontinuerleg busetjing av flyktningar framover. Kommunen har vore med i eit sentralt forsøk med kommunepsykolog gjennom familiekontoret, dette kan og verta ei viktig teneste å halda på framover i dette arbeidet. Det skal arrangerast eit ICDP (International Child Development Programme) kurs til alle flyktningsforeldre med føremål å styrka deira ressursar som foreldre og venna dei til norsk oppsøingsvaner.

Det vil vera behov for å auka tal tilsette i NAV for å arbeida med ei så stor gruppe som etter kvart kan bli busett i kommunen. Auka tilsette i NAV vil bidra til meir tid til integringsaktiviteter og djupare oppfølging av flyktningane, og ikkje minst bidra til mindre saksbehandlings tida i sosialteneste. Sosialtenesta er for tida ganske sårbar og ei 50% stillingsauke er nødvendig for å sikre både betre oppfølging av flyktningane og ei meir effektiv sosialteneste.

I tillegg vil det vera behov for å forlenge flyktningskonsulent stillinga med to år ut juli 2018.

Per i dag strever helsestasjonen med det tal flyktningar me har. Ein rekke oppfølgingsaktiviteter som er vanleg i andre kommunar rundt i Hordaland og Noreg er ikkje gjennomførte på grunn av manglande kapasitet i helsesystemtenesta. Vaksinasjonar for vaksne flyktningar og ein meir heilskapleg oppfølging av flyktningsborna sosialt sett manglar per i dag. I tillegg strever helsesøster med nokre kjerneoppgåver som eit auka tal flyktningar ville kunne forverre. I andre tilsvarande kommunar som Etne og Tysnes har dei tilsett ei 20% helsesystemstilling for å dekke auka behov for kjerneoppgåver og utvida naudsame helsetenester til nykomne flyktningar. Andre kommunar som

Molde, Askøy, Fjell og Sunndal har også tilsett helsesyster berre for å jobba med flyktningar. I tråd med andre kommunar med liknande føresetnad, føreslår rådmannen ei 20 % stillingsauke i helsesystemtenesta.

I desse dagar vert det arbeid for å oppbemanna «Grønt arbeid». Det har vore og vil vera ei teneste som kan inngå i introduksjonsprogrammet for flyktningane. I tillegg vil det vera ei svært viktig oppgåva å arbeida inn mot kommunale avdelingar og det lokale næringslivet for å få til språk og – arbeidspraksisplasser. Vaksenopplæringa har ein tilsett for å bidra til dette og han har fått til mykje på kort tid.

I følgje erfaring frå andre flyktningtenester i Hordaland og rundt Noreg, er kommunale avdelingar eit naturleg stad for språkspraksisplasser. Ulikt arbeidspraksisplasser kjem ikkje språkspraksisplasser med eit tilskot til tilrettelegging. På grunn av erfaring av kor vanskeleg det har vore å få til språkspraksisplassar i kommunale avdelingar, har kommunestyre vedtok eit bestemt tall språkspraksisplassar i ulike kommunale avdelingar frå jan 2015. Rådmannen ynskjer at kommunestyret skal vedta det same i 2016 og 2017.

Språkspraksisplasser er ein nødvendig del av introduksjonsprogrammet og fører til ei meir effektiv norskopplæring og grundig opplæring i arbeidskompetanse. Språkspraksisplasser har vore eit avgjerande tiltak for effektiv sysselsetting av flyktningane i andre kommunar. Rådmannen foreslår 2 språkspraksisplasser hos teknisk-drift/reinhald, 2 hos Nordliheimen og 4 hos skulane og barnehagane slik at vi totalt har 8 språkspraksisplassar. Rådmannen foreslår at dei plassane skal haldast av til flyktningane i åra framover og at flyktningkonsulent og dei omfatta avdelingar skal sjå nærare på kor lenge dei skal vare varigheit og kva oppgåver flyktningane skal ha.

Rådmannen ynskjer at kommunestyret skal avgjere saka tidlegast mogleg. Dette av omsyn til at eit effektiv og bærekraftig mottak av flyktningar krev mykje forarbeid. Erfaring frå 2013 og 2014 viser at dersom flyktningkonsulent, sosialteneste og helsesøster skal ha ei akseptable arbeidsmengde og ein meir føreseieleg arbeidstid, er god planleggingstid før busetjing ein føresetnad. Rådmannen kan også nemne at erfaring frå andre kommunar viser til at eit løpande mottak av flyktningar fører til ei meir effektiv integrering. Rådmannen viser til erfaring frå andre kommunar at om Austrheim kommune vil behalda sine nye bebuarar, er eit felles miljø for flyktningar ein føresetnad.

Konklusjon

På bakgrunn av innspela frå både statsråden og KS, legg rådmannen opp til å auka talet på mottak av flyktningar. Rådmannen innstiller på at Austrheim kommune tek i mot 13 flyktningar i 2015 og førebesl 10 til i 2016, i tillegg kjem eventuell familiegjenforening. Rådmannen meiner at ein føresetnad for å busetje desse flyktningane og å sikre ein effektiv og berekraftig busetjingsprosess, er at kommunen må auka med ei 20 % helsesystemstilling, ei 50 % saksbehandlarstilling hos NAV og forlenge flyktningkonsulent-stillinga med to år fram til 31.07.18. Auken i helsesøsterstillinga bør skje gradvis i perioden.

Rådmannen innstiller også på at Austrheim kommune sikrar effektiv og omfattande integreringsprogram for flyktningar ved å avsetje 8 språkspraksisplasser i kommunale avdelingar. Frå januar 2016 ut desember 2017, 2 i Nordliheimen, 2 i teknisk-drift/reinhald og 4 i skulane og barnehagane. Rådmannen ynskjer ikkje konkrete vedtak på talet, men at det er ei målsetjing.

I tillegg innstiller rådmannen på at dersom busetjing av 13 flyktningar i 2015 og 10 til i 2016 blir vedtatt, burde kommunestyre i 2017 gjere eit 3 - 4 årlig vedtak om busetjing for å bidra til eit auka

føreseielegheit og berekraftig busetjings- og integreringsarbeid.